

# Eresfjord som cruise hamn??



Kan bli ein realitet i 2014.

Dei fleste har sikkert lagt merke til at det blir arbeida med å få cruisebåtar til Eresfjord.

Det er **Molde og Romsdal Havn IKS** og **Vekstkommuneprogrammet i Nesset** som i samarbeid har teke initiativ til dette. Eresfjord vil da bli eit tredje anløp på ruta saman med Molde og Åndalsnes.

Det er oppnemnt ei arbeidsgruppe i Eresfjord som lokal kontakt for arbeidet. Gruppa skal arbeide med å legge til rette, og vere lokale kontaktpersonar for selskapet **Cruise Molde Åndalsnes**. Det er selskapet som står for å «selge» Eresfjord som cruisehamn til operatørane.

Med i gruppa er *Per Helge Rudi* frå styret i Eresfjord bygdelag, *Turid L. Øverås* frå Eresfjord Husflidslag/turistinformasjon og *Per Einar Strand* som er grunneigar på kaia. Gruppa har hatt møte med initiativtakarane og **Cruise Molde Åndalsnes v/Hilde Gråberg Bakke** som er svært optimistiske til tiltaket.

**Å planlegge og selje inn ei ny anløpshamn for cruisebåtar er eit langsiktig arbeid**, men vi kan og oppleve at ein båt tar turen innom som «prøve-tur» allereie i år. Det er snakk om mindre skip med ca 500 passasjerar. Molde og Romsdal Havn vil plassere ei såkalla tenderbrygge og passasjerane vil bli frakta i land på Nauste med tenderbåtar frå skipet.

Profesjonelle gaidelskap står klare til å stå for gaidinga på land og i bussane som vil ta dei med på tur i området. Meir detaljar om dette finn du i vedlagte brosjyre.

Den lokale gruppa arbeider med korleis vi i Eresfjord skal ta imot og betjene turistane når dei går i land på Nauste og vil sjå seg rundt i bygda vår. Med litt organisering og mobilisering bør det vere mulig.

Gruppa treng derfor å komme i kontakt med folk som kan hjelpe til og forhåpentlegvis kunne legge til rette aktivitetar der det går an å tene litt pengar på besøket. Eresfjordingar i alle aldrar, gjerne ungdom som kan tenke seg sommarjobb i bygda.

### **Her er eksempel på ting vi ser for oss:**

- Husflidsutsal i pakkhuset på kaia. Salg av lokale godbitar laks, eira-vatn etc..
- Vandring få kaia og rundt i bebyggelsen på Nauste med lokal gaid.
- Busstur til Mardalen, Helleristningane, Nesset prestegard, Kavli Moen osv..
- Busstur kombinert med fergetur på Eikesdalsvatnet
- Rundturar eller «over land» turar til neste anløpsplass for båten.
- Osv.....

**Svarslipp:** (send slippen innan 15. juni til Per Helge eller Turid)

Her er eksempel på oppgåver som kan bli aktuelle, dette er ikkje bindende. Vi er først og fremst ute etter å «lodde stemninga».

(set kryss om det noko som passar for deg, er fyll inn din gode ide!):

- Sjåfør til Buss eller minibuss  
 Kan vere gaid, omvisar (bør kunne snakke tysk/engelsk)  
 Hjelpe til å lage gaidmanus, har du den gode historia?  
 Andre gode idear:

### **Kontakt:**

**Turid L. Øverås tlf 95206213**

**e-post: [turid.borgny@outlook.com](mailto:turid.borgny@outlook.com)**

**Per Helge Rudi tlf 48093789**

**e-post: [rudi.borvik@hotmail.com](mailto:rudi.borvik@hotmail.com)**

Svar kan også sendast inn via heimesida.

Følg med på <http://eresfjord.no/cruisehavn/>